

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Kulturminnefagleg fråsegn – Søknad om dispensasjon - gnr 388 bnr 1 - Sæle 6 - Sogndal kommune

Viser til brev datert 12.02.21 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Om tiltaket

Omsøkt tiltak gjeld utviding av industriareal på Sæle gnr. 388 bnr. 1 i Balestrand, Sogndal kommune. Norconsult søkar på vegne av Sæle Sag AS, ei hjørnesteinsbedrift som hovudsakeleg produserer pallar. Bakgrunnen for søknaden er at verksemda ynskjer å auke produksjonen og at det er akutt behov for lagringsplass. Omsøkt areal skal nyttas til utandørs lagring av tømmer og ferdig produkt. Det vert ikkje søkt om oppføring av bygningar eller opparbeiding av nye vegar. Det konkrete tiltaket det no vert søkt om er opparbeiding av eit areal på tilnærma 700 m² rett nordvest for dagens industrilokale. Inngrepet føreset utsprenging av tilnærma 4 880 m³ fast fjell. Mot nord har skjeringa ei høgd frå 9,5 m i nordvest til 16 m i nordaust.

Areal ved Sæle sag er avsett til næringsområde i gjeldande kommuneplan i arealdelen. I kommuneplanen er det for dette området sett krav om reguleringsplan før området kan byggast ut. Sæle Sag AS søker om dispensasjon frå krav om reguleringsplan for tiltak i arealdel til kommuneplanen for Balestrand kommune, samt dispensasjon frå Pbl § 1-8.

Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i omsøkt areal, men på høgdedraga aust og vest for Sæle sag er det fleire kulturminne frå førhistorisk tid. Desse kulturminna er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml.) § 4, første ledd og har nasjonal verdi.

Aust for omsøkt tiltak ligg det tre gravrøyser og ei steinring. Kulturminna har id. 60464, 25774, 231552, 231511 i Riksantikvaren sin database Askeladden. Område vest for desse kulturminna er utbygd til industriområde. Vest for omsøkt tiltak er det eit gravfelt med Askeladden id. 55446.

Gravrøysene på Sæle er del av eit samanhengande gravrøyssystem i Sognefjorden. Gravrøysene er frå bronsealder/jernalder og vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folka som ferdast forbi på fjorden.




Figur 1. Kart som syner dei automatisk freda kulturminna i nærområde. Kart er henta frå Riksantikvaren sin database Askeladden.

Tidlegare saksgang i samband med reguleringsplan

Sæle Sag AS har over tid hatt trong for større lagerareal. I 2016 vart det sett i gang ein planprosess for å utvide næringsareala for verksemda. I samband med dette vart det gjennomført arkeologiske registreringar. Vi viser til motsegn frå Fylkesutvalet knytt til offentlig høyring av reguleringsplan i 2018. Det var motsegn mot utviding av næringsarealet mot vest pga. konflikt med automatisk freda kulturminne. Det var og motsegn mot at areala rundt kulturminna i aust skulle nyttast til næringsareal, i tillegg til manglande føresegner knytt til kulturminna og omsynssoner.

I samband med dialogmøte i oktober 2018 vart det utarbeida ei skisse som syner kva handlingsrom fylkeskommunen meiner Sæle Sag har i samband med ei eventuell utviding mot aust. I denne inngår forslag til akseptabel byggegrense i planområdet, storleiken på omsynssone knytt til dei automatisk freda kulturminne innanfor planområdet og forslag til føresegner.



Figur 2. Skisse utarbeida av fylkeskommunen i 2018.

Vurdering

Vi meiner at det burde vore utarbeidd ein reguleringsplan for å få ei heilskapleg planlegging og bruk av arealet, for å sikre ei god forvaltning av kulturminna i området.

Kulturminna i området rundt Sæle sag er automatisk freda jf. kulturminnelova §4, og har nasjonal kulturminneverdi. Eitkvart tiltak som kan verke inn på eit automatisk freda kulturminne på ein måte som er nemnd i kulturminnelova § 3, krev særskilt løyve frå kulturminnemynde.

Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står sterkt i lovverket. Desse kulturminna er sårbare for skjemming, ikkje berre i form av inngrep i sjølve kulturminne, men òg for endringar i omgjevnadane. Ein må difor vurdere verknaden det omsøkte tiltaket har på kulturmiljøet.

I skisse over handlingsrom som vart utarbeidd av fylkeskommunen i 2018 skriv vi at det sør for grøn stipla linje kan det setjast opp bygg og anlegg på same kvotenivå som eksisterande bygg (sjå figur 2). Fylkeskommunen har tidlegare uttalt til at vi kan gå med på ei viss utviding mot Riksvegen, i den nordlege delen av den tidlegare reguleringsplanen, men at det må vere god avstand til gravrøysa med id. 604664.

Omsøkt tiltak vil vere ca. 100 m vest for gravminne med id.604664 og ca. 126 m aust frå gravfelt med id.55446, jf. vedlagt kart. Det aktuelle tiltaket er ei utviding av dagens industriområde. Det er slik sett ikkje eit urørt kulturhistorisk landskap. Sjølve utvidinga går innover i terrenget og vekk frå strandlinja, og vil ikkje sperre utsynet til eller frå gravminna. Tiltaket og dei høge skjeringane vil likevel vere godt synleg i landskapet og kan ha ei skjemmande verknad. Dette krev ei tilpassing med omsyn til kulturminna. Særleg må det takast omsyn til verknaden av dei høge skjeringane for å hindre at tiltaket vert skjemmande.

Vestland fylkeskommune rår til at det vert vegetasjon rundt tiltaket. Dette vil dempe tiltakets negative verknad på landskapet og kulturminna. Vi ber om at omsøkt tiltak underordnar seg landskapet og at det vert minst mogleg skjemmande inngrep i terrenget.

Det står i søknaden at det bør setjast som krav at skjeringa vert sikra med gjerde i overkant. Det går ikkje fram av motteke søknad kva gjerde som er tenkt og korleis det blir synleg i landskapet. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune ber om å bli orientert når val av gjerde er bestemt.

Sprenging i samband med tiltaket må skje under kontrollerte høve slik at det ikkje er fare for at kulturminna vert skada. Det same gjeld for transporten av massane ut av området.

Vi gjer merksam på at dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn eller konstruksjonar som kan vere automatisk freda må ein straks melde frå til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må stansast for ei nærare gransking av staden, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune, Seksjon for kulturarv meiner det burde vore utarbeidd ein reguleringsplan for å få ei heilskapleg planlegging og bruk av arealet, for å sikre ei god forvaltning av kulturminna i området. Vi ber om at omsøkt tiltak vert minst mogleg skjemmande i terrenget av omsyn til gravrøysane i nærrområde. Dersom kommunen vel å gje dispensasjon ber vi om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Silje Øvrebø Foyen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

